

LOV OG EVANGELIUM

Oppbyggelig blad gitt ut av Norsk Luth. Lekmannsmisjon

Nr. 7

Septemb. 1973

9. årgang

Frelsens beger — vredens beger

Gud rekker oss frelsens beger (Salme 116, 13) et beger som flyter over. Til randen har han fyllt det, med alt det som en fattig synder behøver til liv og salighet.

Men neppe kan vi noen gang med takk og glede ta dette frelsens beger og styrke vår sjel ved den salighets fylde, som der er gitt, uten å minnes det vredens beger som vår forsoner måtte tømme til bunnen. Guds vredes skål ble uttømt av Ham ! Ikke en dråpe av denne bitre kalk ble han spart for !

Vi kjenner de ord som beskriver dette vredens beger : «Herren lot alles misgjerninger ramme Ham». «Han ble gjort til synd for oss.» «Det behaget Herren å knuse Ham».

Men ingen av oss kan male dette lidelsens dyp, denne sørderivne sjeleangst. «Gud sparte ikke sin egen Sønn — og slaget, som

rammet Ham, presset frem fra hans leber den mest hjertegripende bønn som noensinne er steget opp fra denne syndige jord : «Fader, er det mulig, så ta denne kalk fra meg» ! Men det var ikke mulig. Det var den eneste måte hvorpå denne syndens og forbannelsens byrde kunne løftes bort fra oss, som den ville ha trykket ned i en evig fortapelse.

Sjel — prisen er betalt ! Gjenløsningen! Har han ikke uttømt sin sjel? Tømte han ikke begeret ?

For det vredens beger han tømte, byder Gud hver hungrig sjel et frelsens beger, for hvilket prisen er betalt.

Han tok vredens beger — ta du frelsens beger ! Er det ikke ditt ?

Johannes Brandzæg.

Ao nåde er de freste

(Efes. 2, 8-fg.) Av Gudmund Hjorthaug

Me har tala før om menneske av naturen er dødfødt, dødt i synd og overtredelse, så det hjelper ikkje med apell eller formaning eller påkledning og oppynting kristeleg sett. Det nytter ikke med eit død-født barn, og heller ikkje på det åndelege område, for bak oppyntinga er det døden likevel.

Men det er ein som er mektig til å skape

liv i det hjerte der døden rår, og det er Gud. Der han kjem til med evangeliet, og evangeliet når inn til hjarta, der blir syndaren født på nytt, og ein ny skapning blir skapt som er skikka for samfunnet med Gud. Dei er ektefødd inn i Guds familie og har del i heile den retten som Jesus vann oss. Dette under kan og vil Gud gjera med kvar einaste syndar

som hører ordet og tek imot Jesus i hjarta.

Her er spørsmålet for oss, om dette underet har hendt med oss, og om Gud har fått lov til å halde det vedlike. For det er med det åndelege livet, som med alt anna liv i verda, det kan døy og bli borte. Då taper me velsigninga i Kristus, og då taper me himmelen på nyt.

I avsnittet me leste er understreka på nyt at ikkje berre det verket Gud gjorde på Golgata i Kristus er han åleine om å gjera, men også det verket Gud gjer når han frelser den einskilde syndar er han åleine om. Derfor er det understrika her at av nåde er de frelst, og det ikkje av dykk sjølv, det er Guds gåva. Og derfor heiter det, ikkje av gjerningar, så ingen skal rose seg.

Her vil me streka under det som er sagt før, og eg er ikkje leie for det, for eg trur det er noko Gud vil ha sagt oss. Og nå treng me i våre hjerter å sukka til Gud at han vil visa oss sine løyndomar, når det gjeld dette å til-eigna seg frelsa og å leva med Gud. For eg trur me kan seia at ikkje på noko punkt er forvirringa så stor i vår tid, som når det gjeld dette korleis eit menneske skal fåtru seg frelst.

Altså ikkje av gjerningar. Det ligg i vår natur ein gjennomtrengt tanke og vilje til å vere med når det gjeld vår frelse. Og det er ikkje så underleg at det er slik, for det begynte på fallets dag det. Den djevleligna som menneske fekk i seg på fallets dag, det var den freistainga å bli som Gud, like bra som Gud, og det på eiga hand. Menneske vil ikkje bli det på den veien Gud har tenkt, for Gud har også ein veg til det, men mennesketanken er å greie det sjølv. Slangen sa at Gud veit at de ikkje skal døy, men når de et av frukta skal de bli lik Gud og kjenne forskjell på godt og vondt. Der fekk me dette inn i slekta. Og sidan har menneske alltid hatt dette som sin natur å greie seg sjølv, eg skal gå min eigen veg og vere min eigen Gud, eg skal frelse meg sjølv. Dette er sjølve

Satans sæd. Og dette kjem igjen når eit menneske blir vakt, ja, det kjem før når menneske tek til å tenkje på religion eller kristendom. Det fører med seg at me vil rekne med lovgjerningar, i staden for med nåden åleine. Me vil, og me synest me må, ha noko å visa fram for å vere viss om å få nåde hjå Gud.

Kva er i grunnen dette med lovgjerningar? Ordet talar mykje om lovgjerningar, og me prøver ofte å tala om det. Men om du har det slik som eg, så er me så trege til å fatte det som hører Guds rike til. Og dette er i grunnen ein løyndom, som må openberrast. Nå har Amund sagt på sin måte kva lovgjerningar er, og nå skal eg prøva å seia det på min måte, og eg har lagt merke til at Gud brukar snart det eine og snart det andre.

Lovgjerningar er alle dei gjerningar me plukkar ut av lova og lova sine krav, og seier til oss sjølv at dette må eg oppfylle, og når eg oppfyller dette vil Gud vere meg nådig og vise meg miskunn og gi meg Jesus så eg blir frelst. Me hørde om eksempel frå Nikodemus og Paulus. Paulus sa om seg sjølv at han var etter lova ulastande. Kva vil det seie? Det vil seie at dei i sin lære hadde lova, og i tillegg til den ein mengde lovreglar som også hørde med til lova. Dei fortalte at dette må du gjere, og dette må du ikkje gjere, og alt gjekk ut på det som menneske kunne greie i si eiga kraft og med Guds hjelp.

Den rike yngling såg det på same vis: Alt dette har eg halde frå eg var ung. Farisearen i templet frå Luk. 18 seier det slik: Eg takkar deg Gud fordi eg ikkje er slik som andre folk — så dårleg som andre — eller som den tollaren der. Og så nemner han litt av kvart som tiende av alt han tok inn og andre ting. Det som han viste til var lovgjerningar.

Men lovgjerningar er ikkje det same som å halde lova. For å halde lova er ikkje berre å plukke ut noko ein har håp om å greie, men det er å halde alt det som er skrive i lovens bok, som det står i Galaterbrevet. Og summen av det som er skrive i lova si bok, det er å el-

Bladet Lov og Evangelium

Bladet blir sendt gratis til alle som sender eksp. namn og adr. Blir halde opp med friviljuge gaver

Red. Amund Lid, tlf. 75. Norheimsund
Eksp.: M. Skumsnes, Horneland, Stord
Postgiro : 42887, Stord

Utgjevarpoststad : 5400 Stord

Norsk Lutherisk Lekmannsmisjon :

Formann : Olav A. Dahl,
boks 95, 5401 Stord. Tlf. (054) 10 482
Kass. Sverre Bøhn, Norheimsund
postgiro nr. 68213
Bankgiro : Vikøy Sparebank,
Norheimsund 3530.07.09492
S. Botnens Boktrykkeri, 5401 Stord

ske Gud av heile hjarta, av all sin hug og all si makt, og nesten som seg sjølv. Og det frå mors liv til det siste hjerteslag, kvart einaste sekund. Det er lova. Det er lova sitt krav. Og om du ikkje gjer dette, då vil det gå galt.

Lovgjerningar og lovisk forkynning, det er noko heilt anna. Det gjekk mange år for meg som kristen, før eg kunne skjelne mellom det. Kanskje det er slik med deg også? Lova si forkynning hører med, ved sida av forkynnингa av evangeliet. Den har Gud gitt oss å bera fram. Den forkynner Guds vilje, og det gjer også den loviske forkynninga. Men skilnaden ligg i at lova si forkynning tek sikte på å gjere oss uverdige til Guds frelse, mens den loviske forkynninga tek sikte på å gjere deg verdig. Har du lagt merke til det? Den loviske forkynninga blandar saman lov og evangelium, og forkynner at om du gjer slik og slik så får du nåde hjå Gud. Eg høyrdé ein kjend forkynnare tale om dei oppriktige sitt sinn, om du berre var oppriktig nok, så skulle du få nåde. Det betinga eit oppriktig hjerte hjå deg, for å få nåde hos Gud, og

det er lovisk forkynning. Ei heilt anna sak er å forkynne det Ordet seier om menneskehjarta, og veit du kva det seier? Det står at kvart menneske er ein løgnar, og ingen løgnar er oppriktig. Bedrageleg er hjarta meir enn noko anna, kven kan høre det, står det skrive. Det er lova si forkynning om kva du og ditt hjarta er, og korleis din oppriktighet er sett med Guds auga. Lova si forkynning tek sikte på at du skal sjå at du er fortapt, mens den loviske forkynninga alltid tek sikte på at du skal forbetra deg så det kan bli mogeleg for deg å få nåde hjå Gud.

Lovgjerningar ligg oss i kjøt og blod, i heile den falne natur, og trangen til å gjere lovgjerningar for å fortene frelse blir me aldri kvitt så lenge me lever her på jorda. Den kjem på forskjellig vis, og det er forskjellige ting me gjer til lovgjerningar for å kjøpe nåden i Kristus. Eg kjenner ein mann frå ei bygd med mykke kristeleg virksomhet. Han kom også ein gong med, som dei seier, men kom ikkje igjennom — som så mange andre. Men så blei han vakt og kom i stor lekamleg liding og sjelenød, og den åndelege nauda blei så stor at den lekamlege lidninga bleikna mot den. Det enda med at han fekk tru seg frelst av nåde. Då sa han til ein bror : Eg trudde det eg at når eg gjorde kvar mann rett og sjel, så skulle eg kome inn i himmelen eg og, men nå har eg sett at det går ikkje.

Der ser du lovgjerningar, gjere kvar mann rett og sjel. Og det trur eg sikkert han gjorde så langt han makta, men lovgjerningar fører ikkje fram. Andre tenker slik at eg må omvende meg, og omvende meg radikalt. Bryte med synda, bryte med verdsleg lag og teneste og leve kristeleg, søkje Gud og vere med i kristenflokken og det kristne arbeidet. Eg må omvende meg og gjere alt eg kan for å leve etter Guds vilje. Såleis gjer dei omvendelse til ein lovgjerning for å få nåde og bli frelst. Har du prøvt det?

Lovgjerningane ligg nær ikkje berre når det gjeld omvendinga, men også når det gjeld

vedkjenninga. Nå har du overgitt deg til Gud, og nå må du bekjenne at du er ein kristen, for det står jo i Bibelen at dei som skammar seg for Jesus vil han skamme seg over og ikkje kjennast ved. Ja visst står det slik. Men du gjer bekjenninga til ein lov gjerning som du må gjere, elles får du ingen nåde hjå Gud.

Ennå til trua blir gjort til ein lov gjerning. Du må tru for å bli frelst, og så strevar du med å få det til å tru, og har det mål for auga at du kan vise trua fram for Gud for å få nåde, for å få Jesus og hans frelse. Slik gjer du trua til ein lov gjerning.

Sjølve frelseopplevinga blir ofte gjort til ein lov gjerning. Du har hørt den eine og den andre vitna om korleis lyset gjekk opp for dei så herleg og klart, og du tenkte at slik er det det går for seg. Dette må eg ha, så skal eg få tru at eg er frelst. Då gjer du frelsesopplevinga til ein lov gjerning.

Eller du opplevde dette ein gong, ved at Gud var så nådig at han førte deg på den plassen at han fekk openberra Jesus for ditt hjarta. Du fekk ein glytt inn i at det Jesus gjorde, det gjorde han for deg, og du levde ei tid i den salige opplevinga at Jesus var din. Men så ein dag var denne salige opplevinga borte, og det blei så mørkt og grått der inne. Kan hende det var synd eller nederlag som gjorde det, eller det berre var det kvardagsgrå som seig inn over deg. Og så tenkte du at nå har eg mist heile frelsa, og du tek til å arbeide, be og lese med det for auga å få denne frelsesopplevinga tilbake, for då først kan du vera viss om å stå i nåde hjå Gud. Dette er også å gjere frelsesopplevinga til ein lov gjerning. Ser du det? Eg undrast på om her ikkje er mange som må ha ei så eller så stor oppleving over eit ord for å vitne om Gud, og har dei

ikkje det må dei teie. Då står du i ferd med å gjere opplevinga til ein lov gjerning.

Slik kunne me vist halde fram, for vår tids forkynning av at trua er noko me må stå for er ganske alminneleg.

Eit av våre kjende kristelege blad har ei spørsmålsspalte. Der las eg om ein av dei mange som spurde korleis det ordet frå Efeserbrevet om trua var å forstå (Efes. 2, 8). For av nåde er de freste, ved tru, og det ikkje av dykk sjølve, det er Guds gåva. Då blei det svara i ein sjølvskikker tone, at frelsa var ei Guds gåva, men trua var vår sak. Ein kjend forkynnar skreiv ein lang avhandling i Vårt Land, og han kom til nett same resultat, at trua er betingelsen for å få nåden. Og dertil hadde han ein lang epistel for å prøve forklare at Luther meinte det same. Men eg syntest den forklaringa var misslukka, for det er ikkje så godt å ta Luther til inntekt for det synet. For i forklaringa til den tredje artikkel seier Luther at eg trur at eg av meg sjølv ikkje kan tru, eller koma til Jesus, det er den Heilage Ande sin gjerning som har kalla meg ved evangeliet og opplyst meg med sine gåver. Der ligg løyndomen. Av nåde er de frelst, ved tru, og det ikkje av dykk sjølve, det er Guds gåva. Både frelsa og trua er Guds gåva. Finn fram Bibelen din og set ein tjukk strek under det, og like eins under «og det ikkje av dykk sjølve.» Men står det klart i Guds ord? Sjá Rom. 1, 16-17. Der står at i evangeliet blir Guds rettferd openberra *av tru til tru*. Du kan også lesa Rom. 10, 6—17. Legg serleg merke til det 17. verset: *Så kjem då trua av forkynninga*, og forkynninga ved Kristi ord.

Framhald neste nr.

Avskrive etter lydband.

Hva er kristendom?

Av Øyvind Andersen

La oss samle oss i bønn.

Kjære Jesus, så kommer vi til deg på nytt og ber at du vil la ditt ord tale til oss. Jeg ber om det jeg trenger for å bære det frem, og jeg ber om at du må hjelpe dem som hører det både til å bli — og til å leve som kristne, for ditt navns skyld. Amen.

I dag skal vi gå over til et nytt avsnitt i vår leksjon, og det nærmer seg nå snart slutten på disse leksjonene om hva er kristendom.

Vi har talt om synd, ja, vi begynte jo med å tale om Gud, hvem han er, om skapelsen, og om hvordan synden er kommet inn i verden. Og så har vi talt om selve forløsningsverket, hvem Jesus er, og hva Jesus har gjort.

De spørsmålene som vi nå skal ta opp, er de rent personlige som hører med til å bli — og til å være en kristen. For eksempel : Hva er omvendelse? Hva er tro? Hva vil det si å bli født påny? Hva vil det egentlig si å bli en kristen? Hvordan går det til å bli en kristen? o.s.v. Før vi kan ta opp desse spørsmålene hver for seg, må vi imidlertid ta opp to andre spørsmål : Hva er loven, og hva er evangeliet? Det store spørsmålet for den som vil være en kristen er å forstå hva loven og evangeliet egentlig er. Nå vil jeg be deg som hører på sukke til Gud at han vil gi deg lys over det spørsmål, for dette med lov og evangelium kan ikke forklares intellektuelt. Det kan et menneske ikke forstå, uten at Gud gir ham å forstå. Men vi må jo ta spørsmålene opp i Guds ords lys.

Da vil jeg først få lese to ord, begge er fra Romerbrevet, det første kap. 1, 16-17 og det andre fra kap. 3, 19-20. I Rom. 1, 16-17 heter det : «Jeg skammer meg ikke ved evangeliet, for det er en Guds kraft til frelse for hver den som tror, for i det åpenbares Guds

rettferdighet av tro til tro, som skrevet er : Den rettferdige ved tro skal han leve. I Rom. 3, 19-20 står det : Men vi vet at alt det som loven sier, det taler den til dem som har loven, forat hver munn skal lukkes, og hele verden blir skyldig for Gud, siden intet kjød blir rettferdiggjort for ham ved lov gjerninger. Her hører du altså at evangeliet er en Guds kraft til frelse, og du hører like klart at loven i og for seg ikke kan frelse. Og allikevel har loven en meget viktig oppgave, som du hører. Den er gitt forat hver munn skal lukkes, og hele verden bli skyldig for Gud — det betyr i denne sammenheng å vise seg å være skyldig overfor Gud.

Nå er da spørsmålet : Hva er loven, og hva er evangeliet? De to spørsmål skal vi prøve å ta opp.

Når det gjelder det første : Hva er loven? da er det enkleste og mest omfattende svar dette : Loven er åpenbaringen av Guds helighet. Merk deg hva jeg sier nå : *Åpenbaringen av Guds helighet.* Jeg sier ikke at loven er bare bud og forbud, jeg sier ikke bare at loven er budskap om hva vi skal være og hva vi skal gjøre, jeg sier noe meget mer enn det. *Jeg sier at loven er åpenbaringen av Guds helighet!* Loven er at Gud åpenbarar at han ikke kan forlikes med synd, at han ikke går på akkord med synd eller løgn, eller med noe som helst som er imot hans vesen. Gud kan ikke tåle det som strider imot hans vesen. Dette kommer til uttrykk i loven. Loven består i at Gud åpenbarer dette.

Den første åpenbaring vi har både av loven og av evangeliet er i den første preken Gud har holdt for falne syndere, den ble holdt om kvelden på syndefallsdagen. Den ble holdt av Gud selv, med Adam og Eva som tilhørere.

Der sier Gud til Adam : Hvor er du? og til Eva : Hva har du gjort? Der har du loven. Merk deg ordene : Hvor er du? Hvor står du egentlig? Hvordan ser ditt liv ut i Guds lys? hva har du gjort? Hvordan har du stelt deg? Hvordan ser Gud på deg? Merker du ikke hvordan disse spørsmålene går tvers igjennem oss, og avslører oss, og viser oss hvordan vi står i forholdet til Gud? Der har du en åpenbaring av loven.

I den samme talen har vi den første åpenbaring av evangeliet, og den lyder slik : Kvinnens ætt skal knuse slangens hode. Og kvinnens ætt er der brukt om et enkelt individ som skulle fødes av en kvinne. Dette er en stor hemmelighet. Loven og evangeliet kommer sammen og samtidig. De må aldri skilles fra hverandre. Like fra begynnelsen av arbeider loven og evangeliet sammen på et menneskes hjerte. På alle stadier av vårt åndelige liv arbeider de sammen, loven avslører Guds helighet og evangeliet åpenbarer — som vi senere skal se nærmere på — Guds frelsende kjærlighet. Den store hemmeligheten med loven og evangeliet er at de må ikke skilles fra hverandre, men heller ikke blandes sammen. Loven er loven, men evangeliet er evangeliet, og må altså ikke skilles og ikke blandes sammen. Kan du få tak i det? Du vil nok forstå litt mer av det, håper jeg, når vi har hatt sett litt nærmere på disse to spørsmålene om lov og evangelium.

Så skal vi gå litt videre da, om hva loven er for noe. Da Gud gav loven opprettet han en pakt på Sinai. Den er opprettet på grunnlag av loven. Jeg Herren, din Gud, sier han, og så oppretter han en pakt. I denne pakten kommer fire åpenbaringsuttrykk for loven, som vi nå skal nevne. Det første er *budet* du skal, som når sin fullkommenhet i det store budet: Du skal elske Herren din Gud av hele ditt hjerte, av hele din sjel, av all din hu. Dette er det første og det største bud sier Jesus, men der er et annet som er like stort: Du skal elske din neste som deg selv! På dis-

se to bud hviler hele loven og profetene. Du hører her i disse to bud, der kreves syndfrihet, fullkommenhet av et menneske. På disse to bud hviler alle andre bud. Alle de ti bud grunner seg på disse to, kjærlighetsbudet, og du ser det krever det syndfrie, fullkomne menneske. Om jeg bare har den minste hemmelige tilbøyelighet til en synd, så er jeg ikke lenger fullkommen, i kjærligheten, da elsker jeg ikke lenger Gud av hele mitt hjerte, eller min neste som meg selv. Der er ikke plass for noen synd, ikke for den minste hemmelige tilbøyelighet en gang. Det budet er det første åpenbaringsuttrykk.

Det andre er *forbudet* du skal ikke. Her hører du hva synd er for noe i forbudet. Det krever også fullkommenhet, for de samles til et i det niende og tiende bud som lyder : Du skal ikke begjære! Du skal ikke ha lyst til å synde! Du skal ikke elske eller ville synd! Det er ikke nok at vi lar være å synde, men vi skal heller ikke ha lyst til det, vi skal ikke ha noe begjær etter synden. For det minste begjær etter synd, det er jo synd. Her ser du altså fra negativt synspunkt. Forbudets synspunkt krever fullkommenhet og syndfrihet. Altså både positivt og negativt krever loven fullkommenhet og syndfrihet.

Videre, det tredje åpenbaringsuttrykk er at Gud setter *straff* for å synde. Dersom du bryter mine bud og de lover som jeg byr deg idag, da kommer jeg over deg og forbanner deg, sier Herren. (5. Moseb. 28) Videre står det at forbannet er den som ikke holder alt det som er skrevet i lovens bok, så han gjør det. Det er dette som kalles lovens forbannelse. Og den kommer over hvert eneste menneske som ikke oppfyller lovens krav.

Det fjerde åpenbaringsuttrykk, det er at loven med *velsignelse* til dem som holder budene. Dersom du holder mine bud og mine lover, vil jeg storlig velsigne deg. Det står også i 5. Moseb. 28. Her har du det betingede løfte. Det betingede løfte, det er altså loven. Disse fire åpenbaringsuttrykk, budet, forbun-

det, straffen for å synde, velsignelsen ved å halde budene, de gir i en sum lovens åpenbaring til oss. Og ut fra det ser du hva det er loven krever av oss mennesker, en hel og fullkommen rettferdighet for Gud. Ut fra disse fire åpenbaringsuttrykk vet vi — merk deg det som jeg sier nå — at så lenge et menneske er loven noe skyldig, kan han ikke få tilgivelse hos Gud. Det er lovens krav. Det er en hovedsannhet som mange ikke ser idag, og som er noe av det viktigste for å bli frelst.

Nå er det flere spørsmål som naturlig melder seg i forbindelse med spørsmålet om loven. Vi skal nevne et av dem: Hva er forskjellen på å holde budene og å gjøre lov gjerninger? Vi leser nemlig i Rom. 3, kap. at intet kjød blir rettferdiggjort for Gud ved lov gjerninger, for ved loven kommer erkjen-

nelsen av hva synd er. Dermed har jo Guds ord sagt at menneske kan gjøre lov gjerninger, men samtidig har det sagt at ikke noe menneske kan bli rettferdig overfor Gud på grunn av disse lov gjerninger. Da må det å gjøre lov gjerninger være en ting, og det å holde budene en annen ting. For hvis vi holder budene, da får vi velsignelse. Det sier Guds ord meget klart, ja Guds ord sier at holder dere budene, da skal vi leve. Men om vi gjør lov gjerninger, får vi ingen velsignelse. Lov gjerninger kan ikke hjelpe oss det minste. Da må det altså være forskjell på å holde budene, altså oppfylle loven, og å gjøre lov gjerninger. Og den forskjellen skal vi da ta opp i begynnelsen av vår neste leksjon.

Avskrevet fra lydband etter bibelkurs holdt i Norea Radio.

To porter og to veier

(Mat. 7, 13)

Dette avsnittet i Guds ord, er et av de mange som det er meget viktig å forstå rett. Det ser vi av at han straks etter ber oss om å vokte oss for de falske profetene. Det går nemlig an å forstå det galt og forkynne det galt, og det gjør de falske profetene eller forkynnerne. Og på dette punkt er forkynnelsen ofte både uklar og falsk.

Bibelen forteller at på den brede vei er der mange som går, mens den smale vei er det få som finner. Hva for en vei går du på, den brede blant den store masse, eller på den smale blant de få? Om du leser Pilegrims Vandring, vil du få lærdom på dette punkt.

Jeg vil her bruke et billede. En bred vei kan være både god og dårlig. Den kan være asfaltert, siktbar og fin, men den kan også være hullede, sølete, og vanskelig å ferdest på. Den kan tilmed være bra på den ene siden og dårlig på den andre siden. Så ser vi at

enkelte reisende velger den beste siden og prøver å unngå sølen, mens andre ikke tar det så nøyne og søker seg til. Slik er det også på den åndelige brede vei. Noen prøver å unngå synden og å grise seg til, og de gjør hva de kan for å få andre bort fra synden og skitten til den gode side av veien, der de moralske og gode menneskene ferdes. Det er jo godt, og et utmerket arbeide, sammenliknet med dem som lever og ferdes i synd og urettferdighet. Men den brede vei, er den brede vei, enten en ferdes på den gode og fine side eller på den onde og dårlige. Og dag for dag nærmer hele skaren seg målet den brede fører til — den evige fortapelse.

På den samme brede vei ferdes også de profeter som Bibelen kaller falske. De kommer som en lysets engel, sier Jesus, og de formaner og tørste dem på den brede vei og lover at det nok skal gå godt til slutt. Men vi

ser hvorledes Jesus skiller klart mellom dem på den brede og smale vei. Mange av dem som bad og lærte i templet kalte han ormenyngel, mens toldere og sjøger fant veien til Jesus og ble ledet inn på den smale vei til livet. Det ser ut for at Jesus lettere kan vinne og frelse den som har sølt seg til av synoden, enn de fine, gode og egenrettferdige å se til.

Å komme inn på den brede vei er ikke vanskelig, for vi er født på denne landevei. Og der fortsetter du ved å følge det naturlige menneskes lyst, enten det er på den gode eller dårlige siden. Og det faller lett og naturlig, for der går jo massen, og vi har en tilbøyelighet til å gå der de er mange. Der ferdes mange som ikke vet eller har oppdaget at de ferdes på den brede vei som fører til fortaping. Jeg har også truffet flere som trodde de var på den smale vei i mange år, før de oppdaget at de var på feil vei. De både ba og las Guds ord, og var med i Guds rikes arbeid. Men så fikk Ånden vekke dem, så de så at de levde bare i religiositet, uten ånd og liv. Det er nok om å gjøre for Jesus å vekke folk og gjøre dem oppmerksom på hva for en vei de vandrer på. Han sier at de på den brede vei skal enda til profetere og gjøre mange kraftige gjerninger i Jesu navn, og enda skal han si jeg kjenner eder ikke.

Så litt om den smale veien. Det er en vei som ikke kan ødelegges. Satan og alle hans tjenere har med alle midler snart i to tusen år forsøkt å ødelegge den, men den ligger der like god og vil aldri kunne ødelegges, for den er laget etter den høyestes kunst og visdom.

Men det fortelles at porten inn er trang, og veien den er smal, så det er få som finner den, og at mange skal forsøke og er ikke i

stand til å finne den. Hva kan årsaken til dette være, vil Jesus gjøre det vanskelig for oss å komme til himmelen? Årsaken er at porten er så trang og veien er så smal, at alt vårt må tilside, Jesus alene og det han har gjort for oss er porten og veien. Her vil jeg ta med et sangvers som sto i nov.nummeret, som har vært særlig godt for meg: «Jesus takk du levde livet til Guds ære, dette livet får jeg regn med som mitt. Du var alt for Gud, ja, slik jeg skulle være, slik en frelser er det til oss alle gitt.» Den som får tro dette, han har en fin inngangsbillett.

Av og til forkynnes det at på veien er det bare plass til to, jeg og Jesus, som om vår plass skulle være ved siden av ham. Men der står at vi må være i Jesus, og kommer inn på veien bare gjennom ham. Jesus er jo veien, og den som er i ham ved troen på ham er på veien. Satan setter alt inn på å få oss ut av veien, for han vil ødelegge alle som er på denne veien, og det har ført mange av oss inn i svære kamper. En sangstrofe lyder slik: «Når Satan deg veien vil sperre, og spenner sitt snedige garn.» En annen: «Midt i gjennom nød og fare veien går til Paradis.» En tredje: «Mangen ligger evig fanget som på veien var.»

Arsaken er at de er kommet ut av veien, og tror at de skal greie seg med å være ved siden av Jesus, og der er det lett for de onde makter å få dem i sitt garn.

Her kunne vi minnes og nevne mange ting som fienden bruker for å få oss ut av veien, men de ville vel stykket bli altfor langt. Tenk om dette kunne være med å vekke noen, så han fant inn på veien, inn i Jesus og det han er for oss.

Ole Rolfsnes.

SÅ SEIER HERREN

Så seier Herren : Forbanna er den mann som lit på menneske og gjer kjøt til sin arm og med sitt hjarta vik frå Herren. Velsigna er den mann som lit på Herren og har Herren å lita på. (Jerem. 17, 5-7).

Menneske er av naturen slik laga at det lyt ha noko å setja si lit til. Mange vil nok seia nei til dette, men Guds ord seier at det er slik, og menneskelivet vitnar om at Ordet seier sant. Det er årsaka til at menneske tilbed stokk og stein, eller andre gudebilete — ja, endå til vonde ånder og djevelen sjølv. Er dei ulukkelege? Ja, i høgste grad.

Andre tilbed og set si lit til kultur, musikk og mykje anna. Og alt saman kjem inn under det å setja si lit til menneske, og å gjera kjøt til sin arm. Det er å setja lit til det menneske er, til det det gjer eller kan forstå. Du vil sjølv koma deg fram, og elskå fram det som godt er, anten det er i arbeidslivet, samfunnslivet, eller i åndslivet. Du ynskjer betre kår for alle, større rikdom og meir slikt, og ikkje få sett sitt liv og teneste inn for slikting.

Men er slike ulukkelege då? Så seier Herren : Kvart menneske som i sitt hjarta vik frå Herren, det er under Guds vreide og dom.

Her er me ved prøvesteinen. Går Herrens ord og vilje framom alt i hjarta ditt? Ikkje berre i eit og anna, men i alt — av heile hjarta av alt ditt vet og av all di makt, heiter det i Ordet. På dette eine ordet : *Med sitt hjarta vik frå Herren, kan me prøva oss.* Kan det seiast enklare og klårare?

Syndefallet førde det med seg at menneske blei flinke til å orsaka seg, skulda på andre, skjula seg, prøva koma klar Herrens ord, eg gjer så godt eg kan og ber om nåde for det galne og mangelfulle, så skal det nok gå godt til slutt. Slik orsakar og trøstar det naturlige menneske seg sjølv.

Jesus fortel om ein mann i Luk. 18 som

det hadde lukkast så godt for på alle vis. Han takka Gud fordi han ikkje var som andre folk, ein røvar, svikar eller som syndaren nede ved døra, men levde som ein rettferdig og gudfryktig mann som gav tiendeparten av alt han tok inn til Guds rike. Han takka Gud for hjelpa og var fornøygd med seg sjølv, og andre som kjende han var vel også fornøygde. Men nå seier Guds ord at det er ikkje nok, det er å setja si lit til menneske, sjølv om det er i børn og takk til Gud. Der hjarta har vike frå Herren, kviler Guds tunge dom over liv og lære.

Så skal vi ta fram eit par døme frå Skrifta korleis det går den som har *eit hjarta som ikke vik frå Herren*. Esaias seier det slik : Heilag, heilag, heilag er Herren allhers Gud — usæl eg. No er det ute med meg, for eg er ein mann med ureine lipper (Esa. 6, 5). Då eg tagde morkna mine bein, med di eg stunde heile dagen. For dag og natt låg di hand tungt på meg, mi livssaft turka ut som i sumarturken, seier David i Salme 32. Peter ropa : Herre gå frå meg, eg er ein syndig mann. Kven er du Herre, spurde Saulus. Eg er Jesus, han som du forfylgjer, svara Jesus. Dette får vera nok til å visa korleis det går der lyset frå Gud når inn i hjarta.

Her blir alt avgjort, der lyset frå Herrens ord når hjarta. Anten blir det til liv eller død, frelse eller fortaping, fred eller ufred, alt etter som hjarta stiller seg til Herrens ord.

Visst er det svert, det tyngste i livet, å sjå seg fortapt og forkasta av Herren. Her er faren stor for å venda seg feil veg. Mange vender seg bort frå Herren og ordet og flyktar som Kain. Andre vender seg til menneske, først til seg sjølv og si eiga rettferd, eller til andre menneske sitt omdøme og trøst.

Det var dette Esaias tala om då han sa : Herre, kven trudde det bodet me hørde? Kven synte Herrens arm seg for? — Me vende oss

kvar sin veg. (Esa. 53). Andre trudde på han, men dei torde ikkje vedkjenna seg det, for dei var redd for å bli utstøytt or synagoga eller mellom vene og kjende. Jesus gret, gret over tempel og minnesmerke og sa : Jerusalem, du som slår ihel profetane, og steinar dei som blir sende til deg, kor ofte ville eg ikkje samla borna dine ikring meg, liksom ein fugl samlar ungane under vengjene. *Men de ville ikke.* (Matt. 23, 27).

Her ligg sjølv livet gjøymt : Alle for me vilt som sauer, men Herren let råka Jesus det me hadde skuld i alle. Han som blei såra for våre brot, og sundbråten for våre synder, og som tok vår straff på seg.

Men den som i hjarta vik av frå sanninga om seg sjølv, han har ikkje bruk for denne frelsar, og hans evangelium for fortapte. Det er berre dei som har mist trua på menneske, på seg sjølv og andre, som vender seg til Jesus og hans vunder og sår, der Gud har gitt oss lækedom.

Tenk om du gav Herren og hans ord rett og let Han få det siste ordet. Då ville du og Jesus byta plass, slik at han gjekk inn under deg og all di synd og skuld, og du fekk flytta inn i Jesus og alt det han er, inn under Guds velsigning.

Så sier Herren : Velsigna er den mann som lit på Herren, som har Herren å lita på. Det

vitnar disse fire vitna me nemnde ovanfor om. Ein gloande stein (Jesus) blei teken frå altaret, og det blei sagt : Sjá denne har rørt ved lippene dine, nå er di misgjerning borte og di synd er sona, blei det sagt til Jeremias. David vitnar : Eg sanna mi synd for deg og dulde ikkje mi skuld, eg sa : eg vil sanna mine misgjerningar for Herren. Og du tok bort mi syndeskuld.

Då Peter fekk sjá Gus frelse vitna han : Det er ikkje frelse i nokon anna, for det finst ikkje anna namn under himmelen som er give millom menneske såleis at dei vert frelste ved det. (Ap.gj. 4, 12).

Då Paulus hadde måttå oppgi kampen og fekk læra Jesus å kjenna vitnar han : I han (Jesus) har me utlösinga ved hans blod, forlating for syndene, etter rikdomen av hans nåde. (Efes. 1, 7). Sidan helt han alt anna for skarn og tap, mot dette eine å vinna Kristus og bli funnen i han. Det blei stor forskjel på livsvilkåra, frå å leva i alt sitt eige og i strid for seg og sit tunder Guds dom og vreide, til det å leve under Guds nåde og velsigning.

Han har velsigna oss med all åndeleg velsigning i himmelen, i Kristus, så me skal vera heilage og ulastande for Gud. Velsigna er den mann som har Herren Jesus å lita på.

Odd Dyrøy.

Livet er løynt med Kristus

(Koloss. 3, 3—4)

Ikkje eit einaste menneske har lev i seg sjølv. Skrifta fortel at me alle av naturen er døde i synd og overtredelse, og ingen eig åndsliv og åndssamfunn med Gud. Kjærleiken til Gud, trua på Gud, tilliten til Gud og hans ord, og truskapen mot Gud er død og borte. Og der dette manglar er det ikkje lengre noko samfunn, det vil du sjå av eit ekteskap der disse ting er borte.

Berre eit menneske har lev på jorda som har lev i seg sjølv, det er Jesus. Og han kan gi liv åt kven han vil (Johs. 5, 21-26). Så skal du bli frelst og eiga eit evigt liv, så må du få det av Jesus. Det er Guds vitnemål at han har gitt oss evigt liv, og det livet er i Son hans (1. Johs. 5, 11).

Her i ordet står at dette gudslivet er løynt. Det vil seia at det er ikkje så godt å få auga

på eller registrera, anten det er hjå seg sjølv eller hjå andre menneske. Ingen kan sjå Guds rike eller koma inn i det, utan at han er fødd av Anden —fødd på nytt, seier Jesus til Nikodemus (Johs. 3).

Rosenius seier ein stad at det er som med ei elv som renn i flatt lende og ingen motstand møter, den renn så stilt at du kjem i tvil om kva veg ho renn. Slik kan det også vera med eit naturlegt og ugjenfødt menneske. Dei kan leva eit så fint og gudfryktig liv at du kjem i tvil på om dei er ein kristen eller ikkje. Men kastar du ein stor stein ut i elva som fyller det meste av elveløpet, så vil snart vatnet brusa mot steinen, og elva stig og samlar sine krefter mot steinen for å få den bort. Slik er det også med eit naturleg og ugjenfødt menneske. Om du forkynner det lova sitt ord, forkynner det skille mellom frelst og ufrelst, eller det møter ein syndar som vitnar om at han er frelst av nåde og rein og rettferdig og himmelen verdig, så vil han snart reisa seg til protest og motstand både i hjarta og ord. De vitnar om at de er barn av denne vonde slekta, seier Jesus ein stad.

Slik er det også med det motsette menneskehjarta, som trur på Jesus og lever i samfunn med han. Det åndelege livet er ofte skjult for den som lever i trua på Jesus. Men fell ein stein i bekken vil vatnet stiga og renna over steinen. Men her er ikkje steinen lova sitt ord, for det Herren krev i lova er nett det ein kristen meiner om seg sjølv at han *burde vera*. Her er steinen freisting til synd eller eit syndfall. Det vil skapa strid, angst og lidelse, og det vil snart visa seg kva retning åndsstraumen har, og sorga etter Guds hug vil føra deg til Jesus ved nådestolen i trua der du finn miskunn og får nåde.

Kva er årsaka til at nådelivet ofte er skjult og vanskeleg å registrera? Det kjem av at du har ikkje livet i deg sjølv. Skrifta forkynner at livet er i Jesus, Kristus vårt liv, sto det ovanfor. Vårt liv er løynt med Kristus i Gud, sto der også.

Nå er der eit nytt liv hjå den som er fødd av Gud og lever i trua på Jesus. Jesus sa til den kananeiske kvinna at i han, som drakk av det vatnet Jesus gav, skulle det bli til ei kjelde som vella fram til evigt liv, til elevar av levande vatn. Men det er ikkje sjøle liveit, eller livskjelda, den er i Jesus. Eg er det sanne vintreet, de er greinene (Johs 15, 1-fg.) Og ei grein har ikkje liv i seg sjølv, men tek mot liveit og livskrafta frå treet, og omset det til blad og frukt. Slik er det også med ein kristen. Han lever i trua på Jesus, og på liveit Gud har gitt oss i han, det liveit Jesus levde reint og fullkome her på jorda i vår stad. «Mitt liv det er i Jesu blod, tross alle dødens piler», syng ein sangar. Berre dette liveit er evig, og berre i dette kan du stå for Gud og bli funnen fullkommen og verdig til himmelen og sæla heime hjå Gud. Det liveit ein kristen lever her på jorda, det blir aldri fullkome og vil aldri bli medrekna av Gud når det gjeld vår frelse.

Korleis kan me så få del i dette evige liveit i Kristus?

Det kan ingen ved hjelp av sine naturlege sanser åleine, på lærdomens og kunnkapens veg. Eit dødt menneske kan ikkje oppdragast til ein kristen.

Berre Gud kan gi det liv, ved ein ny fødsel, ved Guds ord som lever og varer. Og berre den som lever det nye liveit i Jesu Kristi tru, kan oppdragast for Guds rike. Oppdrag me eit ugjenfødt menneske, vil me oppdra det til ein farisear utan evig liv og barnekår hjå Gud. Og her er eg redd mykje av vår kristelege verksemd går feil i vår tid. Mange er fornøgd når dei kjem med i kristenflokkon og går med i arbeidet og tenesta i Guds rike, utan å rekne med at ein ny fødsel må til. Men Jesus seier klart til Nikodemus at ingen ser Guds rike eller kjem inn i det utan at han blir fødd av Anden. (Johs. 3).

Før Kristus blir vårt liv må me døy. For de har døydtt, sa Paulus til Kolossarane i ordet ovanfor. Her er ikkje tenkt på den åndelege

død, for alle menneske er åndelag døde frå fødselen av sidan fallets dag (Efes. 2, 1-fg.) Men her er det trua på seg sjølv, sine eigne gjerningar og eiga rettferd, den medfødde og falske innbildung om at me ved eigen innsats og Guds hjelp og nåde skal kunna bli frelst og verdig til nåden, som må døy. Jamfør dette med Paulus sitt eige vitnemål i Filip. 3, 3-fg. Så lenge eit menneske strevar og lever her, er det ikkje mottakeleg for Guds nåde og frelse.

Det er årsaka til at Jesus gjekk ikring og leita etter *fortapte syndarar*, som har misst al ltru og håp til seg sjølv. Er du som les dette ein av dei, så kan eg visa deg til han som er komen for å frelsa det fortapte. Kalla på meg den dag du er i nød, så skal eg utfri deg, og du skal prisa meg, seier Gud i Salme 50. Slike reiser han opp med Kristus, ved å openberra for hjarta at Jesus døde for deg og sto sigrande opp for deg. Det du ikkje kunne, det gjorde han (Rom. 8, 1-fg.) Les evangeliet om Jesus, for det er ei Guds kraft til frelse for kvar den som trur det! Ingen kan bli frelst ved å gjera, for alt er gjort til vår frelse. Det blir me ved å sjå eller høyra Guds vitnemål om Son sin — evangeliet om Jesus. Kom til meg og høy, så skal sjela di leva, forkynnar Skrifta.

Korleis kan me så bli bevart i det evige livet til me er heime hjå Gud? Er de oppreiste med Kristus, så søk det som er der oppe, der Kristus set ved Guds høgre hand! Ha hug til det som er der oppe, ikkje til det som er på jorda, og kjærleiken til dei ting som er på jorda. Elska ikkje verda, og ikkje dei ting som er i verda! Om nokon elskar verda, så er ikkje kjærleiken til Faderen i han. *For alt som er i verda: kjøtslyst og augnelyst og stor-*

læte i livnad, det er ikkje av Faderen men av verda. Og verda og hennar lyst forgår. Men den som gjer Guds vilje, han blir verande til evig tid (1. Johs. 2, 15-17). Her taper mange det evige livet i vår tid.

Like färleg er det å søkja det som høyrer jorda til av Guds rike Anten du søker det inne i deg sjølv, eller i ditt kristenliv og gjerning for Gud. Andre søker det i kyrkja eller organisasjon, misjonsarbeid eller humanistisk kjærleik og sosialt velferdssarbeid. Slike ting kan vera godt i seg sjølv, men det tel ikkje når det gjeld frelse og evigt liv. Her blir mange bedregne av vår tids forkynning. Støyter du deg på dette, då vil eg be deg lesa 1. Kor. 13. kap. og 1. Johs. 4. og 5. kap.

Søk det som er der oppe, der Kristus set ved Guds høgre hand. Jesus kan du berre finna i ordet om han — i Bibelen, den Heilage Skrift, og der den blir forkynt sant og rett, ved Andens tale til menigheten. Derfor les Ordet, høy Ordet så ofte du kan, kom isamen med Guds vene som samlast på salen så ofte du kan!

Vidare blir det evige livet bevart ved at du dödar dine jordiske lemer: utukt, ureinskap, ovhug, vond lyst og *havesykja, som er avgudsdyrking!* For slike ting kjem Guds vreide over dei *vantruande*. Lever de etter kjøtet, skal de døy. Men døyder de gjerningane ved Anden, så skal de leva. (Rom. 8, 13). Får Anden visa deg synda så den blir deg bevisst og tukta og refsa den, så du finn veien til Jesus med den, der du finn miskunn og får nåde, vil du bli bevart i nåden og veksa i nåde og kjennskap til din Herre og frelsar frå dag til dag.

Når du blir dømd blir du refst av Herren, så du ikkje skal bli fordømd saman med verda. Og merk deg at for slike ting kjem Guds vreide over dei *vantruande*, ikkje over dei som er oppreist med Kristus og lever i trua. «*Frelst av nåde jeg salig står, midt i all min nød*», syng sangaren.